

Opplevingskortet Hjartdal kommune

Målsettinga med Opplevingskortet er å forhindre sosiale forskjellar og ekskludering, bidra til inkludering og auka deltaking, og sikra aktivitetstilbod til alle barn og unge, uavhengig av inntektsnivået til familien.

For barn og unge handlar det om å kunna delta på same aktivitetar som vennene deira, det å kunne bli med på kino, eller dra i symjehallen. Det handlar om å gje alle barna og den unge moglegheit til å delta i det sosiale miljøet, der vennene er og der interessa deira ligg. Å gje alle barna og unge moglegheit til like opplevingar.

Hjartdal kommune har inngått ei samarbeidsavtale med ulike tilbydarar for å tilby aktivitetar og opplevingar til barn og unge;

- Rjukan badet
- Rjukan klatrepark
- Notodden Kino
- Tinfos badet
- Skien fritidspark
- Rallarkraft
- NFKs Fotballskule haust
- Tine og NFKs Fotballskule sommar
- Billett til NFKs heimekampar
- Dyreparken i Kristiansand.

Vi arbeider med å skaffe fleire tilbydarar.

Opplevingskort ungdom

Opplevingskortet Ungdom, gjeld for alle ungdom i Hjartdal kommune, frå 8.trinn til med kalenderåret ein fyller 18 år. *Opplevingskortet ungdom er eit kommunalt tilbod og dekkast av Hjartdal kommune.*

Opplevingskort familie

Opplevingskortet familie, gjeld for barn og unge mellom 2 og 13 år frå familiar med låg inntekt. Desse får moglegheit til å delta på fleire aktivitetar og kulturopplevingar, saman med følgesvenn, i Hjartdal og omegn. Opplevingskortet er personleg, søsken får eit Fritidskort kvar. Fritidskortet familie gjeld frå det kalenderåret du fyller 2 år til og med kalenderåret du fyller 13 år. *Opplevingskortet familie dekkast av midlar frå BUFDIR.*

Opplevingskortet er digitalt

Join er ein digital tenesteplattform som erstattar det fysiske Opplevingskortet. Ved søknad om Opplevingskort, blir ein registrera med navn og telefonnummer og kan laste ned ein Join-App. Dette er eit nettbasert verktøy for kommunar og tilbydarar. For brukarar vil **Join** være ein App på alle enheter som har ein weblesar. Gjennom Join vil man få tilgang til alle definera lokale, regionale og nasjonale aktivitetstilbod.



Søknad

Søknad om Opplevelseskort ligger på kommunens heimeside. Om du treng hjelp til å fylle ut søknaden, kan du spørje på skulen, barnehagen eller på servicekontoret. Alle elevar på ungdomstrinnet vil få søknadsskjema på skulen.